

# VEDTEKTER FOR SAMEIGE HOPLANDSSJØEN KAILAG

1. Verksemdsområde  
Hoplandssjøen Kai.

## 2. Medlemmer

Sameige Hoplandssjøen Kailag sine medlemmer er eigarar av bruk nr 1 - 18, 21, 26 og 30 på Hopland, gnr. 155, samt Austrheim Kommune. Totalt 22 medlemmar. Eigartilhøvet er heimla iavtale signert av alle eigarane.

## VEDTEKTER

### §1 Formål

Kailagets formål er å ivareta medlemene sine interesser angående bruk og vedlikehald av kai og kaiområde. Kaien er underlagt offentlege forskrifter, og må haldast i forskriftsmessig stand.

### §2 Organisering

Hoplandssjøen Kailag er eit tingrettsleg sameige. Sameigarane har delt ansvar og eig ein lik andel kvar. Ein andel er 1/22. Totalt eig sameigarane 100 % av det som inngår i sameiget.

### §3 Drift

- Kaiområdet kan nyttast til:

- Lasting og lossing av varer.
- Mellomlagring av varer
- Liggjetid ved kai
- Utleige av parkeringsplassar

Inntekter frå drifta skal først og fremst gå til drift og vedlikehald av kaien. Inntekter kan også nyttast til investeringar knytta til kaien. Inntekter kan ikkje nyttast til investeringar i nærliggande områder.

Investeringar som kan verta av vesentlig betydning for lagets økonomi, skal godkjennast av årsmøte. Styret kan disponera kr 20.000 pr. år utan årsmøtevedtak til dagleg drift av kaiene.

Alle grunneigarar gardsnummer 155 Hopland har bruksrett til kaien/kailigge samt lasting/lossing avgiftsfritt. Parkering er unnateke.

### §4 Styre

Kailaget skal leiast av eit driftsstyre på 3 medlemmer. Årsmøte vel leiar, styremedlemer og valnemnd på 2 personar. Styret konstituerer seg sjølv.

Leiar vert valt for 1 år, styremedlemane for 2 år og valnemnd for 1 år.

### Styrets oppgåver

- Ansvarleg for dagleg drift og innkrevjing av kaiavgifter.
- Ansvarleg for kommunikasjon med Austrheim Kommune

- Oppnemnde personar til spesielle oppgåver etter behov.
- Utarbeide årsmelding og framlegga revidert rekneskap for årsmøte.
- Forberede saker til årsmøte.
- Leggje fram forslag til vedtektsendingar til årsmøtet.

#### §5 Årsmøte

Årsmøte er kailagets øverste myndigheit. Årsmøte skal haldast kvart år innan 15. september.

Lovleg innkalling er skriftleg innkalling med sakliste, minst 14 dagar før møte.

Saker på årsmøte vert avgjort med simpelt fleirtal av dei frammøtte, unnateke vedtektsendingar som vert avgjort med 2/3 fleirtal av dei medlemane som er til stades på årsmøte. Ekstraordinært årsmøte kan innkallast på kortare varsel av styret eller når minst 3 medlemar krev det.

Det skal først årsmøteprotokoll som skal signerast av 2 stemmeberettigede deltakarar .

Årsmøte behandlar:

1. Årsmelding
2. Rekneskap/budsjett
3. Fastsetjing av kaiavgifter
4. Innmeldte saker til årsmøte
5. Val av leiar, styremedlemmer og valnemnd
6. Endring av vedtekter

Framlegg frå styret, 10. januar 2022

---

Gunnstein Sætre  
Leiar

---

Linda Skålevik Syslak  
Styremedlem

---

Jan Hopland  
Styremedlem